

## **Handlingsplan 2019.**

### **Det norske universitetssenter i Paris (CUNP).**

#### 1. Innleiing.

Det norske universitetssenteret i Paris, (Centre universitaire de Norvège à Paris/CUNP) skal fremje akademisk samarbeid på forskarnivå, særleg innanfor samfunnsvitskapane og humaniora. Særleg vekt skal leggast på forskarutdanning ved dei fire norske, deltakinge institusjonane: UiO, UiB, NTNU og UiT. Samstundes skal ein forsøkje å realisere strategien og målsetjingane til vertsinstitusjonen FMSH og dei norske medlemsinstitusjonane om internasjonalisering, både gjennom bilaterale og multilaterale samarbeid. Ingen andre norske kontor eller sentre i utlandet har denne profilen. Senteret skal ivareta fagleg breidde, og i tråd med FMSH sin langvarige profil og politikk, også søkje å fremje samarbeid på tvers av tradisjonelle disiplinlar.

Ved inngangen til 2019 har det vore reist ein diskusjon i academia om institusjonanes ansvar for å bidra til berekraftig utvikling. Senterstyret er oppmerksom på at ein slik diskusjon kan setje søkelyset mot senteret. Sjølv om kontaktane med det franske academia ligg til senterets formål, er senteret også i stor grad ein møteplass for multilaterale samarbeid. Erfaringar som fleire har gjort seg tyder på at det er enklare å få fleire internasjonale forskarar til å møtes i Paris enn rundt om i Noreg. PhD-kandidatar får her ein svært god moglegheit til å drøfte prosjekta sine med framifrå internasjonale fagfolk. Senteret vil med å vektleggja støtte til fagleg godt funderte arrangement følgje opp bærekraftsarbeidet slik at ikkje senteret skal bli oppfatta som eit konferansehotell.

Også i 2018 har aktivitetane ved CUNP søkt å følgje det som har vore mønsteret dei siste 5-10 åra, med klart sterkare vekt på PhD-kurs og PhD-seminar enn på andre arrangement. Styret har stadfesta at ein ynskjer å prioritere forskarutdanninga og nettverksbygging i neste forskargenerasjon, og dette har CUNP på ulike vis forsøkt å følgje opp. Saman med tildeling av PhD- og Mobilitetsstipend, og gjennom avvikling av fleire nettverksmøter har vi slik også forsøkt å legge til rette for framtidige søknader til større program. Verksemda vil i det vesentlege følgje dei same prinsippa i inneverande år. jf. den vedlagde programoversikta for 2019.

Styret har gjeve si tilslutning til at CUNP i 2019 og i 2020 skal legge meir arbeid ned i å arrangere prosjektetableringsmøter for søknader til større forskingsprogram. Vi må regne med at videokonferansar vil bli stadig viktigare også for prosjektsamarbeid. Å innleiingsvis fysisk møtes for å bli kjent og leggje planer for framtidig samarbeid er likevel naudsynt, og senteret ynskjer å vere ein møteplass for slik møte. På dette punktet har CUNP eit urealisert potensiale. Denne satsinga vil truleg først gje konkrete resultat i 2020. Arbeidet må likevel startast opp i inneverande år.

Søknaden til dei to stipendordningane våre har teke seg opp. Arbeidet med å gjere desse ordningane betre kjente i heimemiljøa vil framleis ha høg prioritet. Også ved neste utlysing vil utlysingsstekstane bli sende pr. e-post til alle registrerte brukarar av CUNP i åra 2016-2019.

I tidlegare handlingsplanar er det presisert at CUNP også skal ta imot møter for universitets- og forskingsadminstrasjonar. Dette vil vi halde fram med, men slike internseminar vil ikkje verte gjevne høg prioritet, då kapasiteten vår er allereie maksimal utnytta. Vi trur òg at ein reduksjon av slike seminar fylgjer opp institusjonanes bærekraftsarbeid. Den økonomiske støtten vil også vere meir avgrensa enn den vi gjev til vitskaplege arrangement.

## **2. Budsjettsituasjonen.**

Den vedvarande høge eurokursen pregar også i år budsjettsituasjonen til CUNP. I august 2018 tilsa DNB Markets sine prognosar at 1 euro ved utgangen av 2018 skulle koste NOK 8,80. Ved årsskiftet 2018/2019 hadde kursen stige til NOK 9,97. I skrivande stund er 1 euro = NOK 9,75, og med eit årsgjennomsnitt for 2018 på NOK 9,60. Dette er historisk høgt, og drøyt 28% over det kursen var på det lågaste i 2012 (1 euro = NOK 7,47). At driftsutgiftene til CUNP har auka, må dels tilskrivas den høge eurokursen.

Programmet for 2019 og 2020 vert uansett planlagt ut frå at den norske krona framleis vil halde seg svak mot euroen. Med det opparbeidde overskotet vi har hatt sidan 2016, treng vi ikkje å redusere støtten til arrangementa våre. I 2019 vert stipendbeløpa også auka, for å kompensere for den svake kronekursen. Dette ser vi føre oss å vidareføre i 2020.

Endeleg ynskjer CUNP å bruke meir midlar på relativt dyre arrangement, som PhD-kurs og prosjektutviklingsmøter. Til begge desse arrangementstypene ynskjer vi å dekke reise og hotell for utanlandske forelesarar og prosjektdeltakarar.

Å auke talet på arrangement let seg derimot vanskeleg gjere, då kapasiteten er allereie fullt utnytta.

Budsjettet for 2019 rommar NOK 650 000,- til støtte til arrangement, NOK 325 000,- til PhD- og postdokstipend, og NOK 175 000,- til Mobilitetsstipend. Som før kjem reisekostnader i tillegg for dei to siste beløpa.

## **3. Forskarutdanninga.**

Som i føregåande år vil CUNP si høgast prioriterte oppgåve vere å støtte opp under forskarutdanninga ved eigarinstitusjonane. Det å arrangere kurs som PhD-studentane i Noreg kan

få godkjende som del av sine egne utdanningsopplegg, vil derfor ha klar førsteprioritet, både arrangementsmessig og økonomisk. Dei kursa CUNP arrangerer skal som hovudregel lysast ut i nasjonale kursportalar, og bør også inngå i portefølgjen til forskarskulane ved dei ulike institusjonane.

I tråd med ambisjonane om å byggje multilaterale samarbeid, vil CUNP også kunne gå inn som medorganisator i kurs på nordisk nivå eller i EU-samanhengar.

I FMSH sin internasjonaliseringsstrategi står framleis ynsket om multilaterale samarbeid sterkt. CUNP oppfordrar derfor kursarrangørar til å hente forelesarar og deltakarar frå andre land enn Frankrike og Noreg. Også i 2019 vil CUNP dekke kostnader til honorar, reise og hotell for utanlandske deltakarar.

I 2019 har CUNP som mål å avvikle 12 PhD-kurs der deltakarane får ECTS-poeng.

### 3.1. PhD-kurs og PhD-seminar/workshopar i 2019.

I CUNP sitt program for 2019 står vi pr. 20 februar med desse planlagde PhD-kursa og PhD-seminara:

1	10.-12.04.	TBA	Prof. Helge Jordheim Prof. Erling Sandmo	PhD-course. 20
2	24.-26.04.	«Race and Religion – Different Forms of Racism?»	Researcher Anders Jupskås, C-Rex, UiO	PhD-seminar/Phd-Course. 25
3	20.- 21.05.	“Museology”	Prof. Brita Brenne, UiO	PhD-kurs. 20
4	22.-24.05.	"Life Course Transitions from a Quantitative Perspective"	Prof. Thomas Lorentzen & prof. Jan Skrobanek, UiB	PhD-kurs/PhD-seminar. 20
5	Primo juni	Merleau-Ponty & Philosophical Anthropology	Prof Ståle Finke, NTNU.	PhD-kurs/PhD-seminar. 15
6	Medio juni	PLURICOURTS	Prof. Mads Andenæs, UiO	PhD-kurs/PhD-seminar. 40
7	Ultimo juni	Vizualising Data	Assoc Prof. Øyvind Wiborg, UiO	PhD-kurs.

				20
8	Primo/Medio september	<i>TBA. Medical Sociology</i>	Prof. Aksel Tjora, NTNU	PhD-kurs. 20
9	18.-19.-20.09.	<i>"What is a good policy? Justice, feasibility and democracy?"</i>	Prof. Cathrine Holst, ISS, UiO	PhD-kurs. 20
10	07.-09.10.	<i>Political leadership and democratic innovations in local governments</i>	Prof. Signy Irene Vabø, Political Science, UiO	Phd-kurs. 20
11	Medio/Ultimo oktober	<i>"Dewey's Philosophy"</i>	Assoc. Prof. Hans Marius Hansteen, Philosophy, UiB	PhD-seminar. 15
12	Primo november	<i>"The Historiography of the Middle Ages."</i>	Prof. Leidulf Melve, History, UiB	PhD-kurs. 20
13	Ultimo november	<i>Doctoral School, Media studies</i>	Prof. Jens Kjeldsen	PhD-kurs. 20

### 3.2. Stipend til yngre norske forskarar til Frankrike i 2019.

CUNP sine PhD-stipend vart lyste ut heilt i starten av desember 2018, med søknadsfrist 1. februar 2019. Kun søkjarar som har stilling som PhD-student eller postdok-stipendiat ved NTNU, UiB, UiO og UiT er kvalifiserte. Stipenda er kortvarige, 1-2 månader, og skal brukast til å finansiere opphald i Frankrike som er naudsynte for søkjarane sine forskingsprosjekt. Til 2018-utlysinga vart det utforma eit eige søknadsskjema, utfrå ei målsetjing om å formalisere søknadsprosessen noko meir enn den før har vore. Dette heva kvaliteten på søknadene, og vart derfor vidareført i 2019.

I budsjettet for 2019 er det sett av 325 000,- til denne posten. Sjølv om ei så høg løyving truleg er eit eingongstilfelle, bør det i framtida setjast av inntil 250 000,- til denne ordninga. Interessen har vore aukande, og kvaliteten på søknadene klart betre enn td. det den var i 2017.

### 3.3. Stipend til franske forskarar til Noreg i 2019.

I budsjettet for 2019 er det sett av 175 000,- til Mobilitetsstipend. Til desse stipenda har det tradisjonelt vore færre søkjarar enn til PhD-stipendet. Søkjartalet er likevel på veg opp, og i 2019 er det derfor

budsjettert med NOK 175 000,-. Desse midlane er fordelte på tilsaman ni mottakarar. I 2018 var det til samanlikning kun 3 stipendmottakarar. Den eine av desse sa seinare frå seg stipendet.

Arbeidet med å gjere ordninga kjent ser ut til å ha gjeve eit godt resultat, og CUNP er nøgd med utsiktene for dette stipendet i 2019.

For 2020 er det førebels budsjettert med NOK 130 000,- til denne ordninga. Skulle søknadstalet halde seg høgt, må ein vurdere å auke dette beløpet.

Som nemnt ovanfor, tek vi elles sikte på å formalisere denne søknadsprosessen noko meir enn det den til no har vore.

#### 4. Faglege seminar i 2019.

Dei faglege seminarane og workshopane utgjer ein viktig del av CUNP si ordinære verksemd. Seminarane er ein arena for å etablere og å vidareføre samarbeid mellom etablerte forskarar, ein møtestad der PhD-studentar vert introduserte for, og inkluderte i eit internasjonalt forskarnettverk, og også ein arena for prosjektutvikling. Eit første seminar ved CUNP vert i fleire tilfelle også følgt opp med eit seinare PhD-kurs. CUNP vil derfor legge til rette for og gje stønad til slike aktivitetar i åra framover. I 2019 er det planlagt totalt 15 seminar og workshopar, dei fleste av dei med deltaking frå PhD-ar og postdokar.

##### 4.1.Seminar med deltaking av PhD-studentar og postdokar i 2019.

1	09.-11.01	<i>TBLR</i> <i>"Forms of life; vitalisms, bio-politics and new ecologies"</i>	Prof. Knut Ove Eliassen, NTNU.	PhD-seminar. 18
2	28.-29.01	<i>The Eupra Paris Workshop on migration</i>	Assoc. Prof. Nils Vidar Vambheim, UiT	Project workshop. 17.
3	19.-20.02	« <i>Discretion and the principle of Child's best interest</i> »	Prof. Marit Skivenes, UiB	Workshop PhD/Postdok. 12
4	18.-19.03	<i>Education and internationalization between the Nation State and the Competition State</i>	Prof. Svein Ivar Angell, History, UiB	Research seminar/ Workshop 15
5	25.-27.03	<i>"Conflict and Communication"</i>	Assoc. Prof. Hans Marius Hansteen, Philosophy, UiB	Research seminar/Work

				shop, PhD. 15
6	03.-05.04	TAS IV	Prof. Lars Sætre, UiB	Research Seminar/Workshop, PhD. 15
7	09.-10.05	"Fortunes de mer"	Prof. Knut Ove Eliassen, NTNU	Workshop 10-12 pers
8	20.-21.05.	"Courts and Constitutions"	Prof. Eirik Holmøyvik, UiB/Nanterre	Workshop 10-15
9	11.-14.06	PLURICOURTS	Prof. Mads Andenæs, UiO	Workshop/ minikonferanse m/PhD 40
10	17.-19.06	<i>Changing Nature. A lexical and argumentative analysis of public debates on nature (1998-2017)</i>	Prof. Kjersti Fløttum, UiB Postdok Gisle Andersen, UiB/Rokkansenteret Postdok Anje Müller Gjesdal	Workshop/ Forskingsseminar 10
11	16.09.	ENERGY SHIFT  <i>Eu project</i>	Prof. Marianne Ryghaug NTNU  Roger Søraa NTNU	Workshop 20
12	Primo okt.	<i>The Post-Cold War geopolitics of Scandinavian Relations with the Global South 1990-2002</i>	Andreas Hellesnes, UiO/Sciences Po  Yohann Aucante, EHESS  Carl Marklund, Södertörn University, Sweden.	Workshop 10
13	Medio/Ultimo oktober	"Dewey's Philosophy"	Assoc. Prof. Hans Marius Hansteen, Philosophy, UiB	PhD-seminar 15
14	24.-25.10	<i>The Politics of Inequality</i>	Prof. Yvette Peters, UiB	Workshop 20
15	04.-06.12.	"Écrire une grammaire du français"  "Standard et variétés; langue maternelle et FLE"	Prof. Hans Petter Helland, UiO  Dosent Francine Girard Lomheim, UiA	Workshop 20

## 5. Øvrige arrangement i 2019.

Pr. 25. februar er det planlagt og dels gjennomført 3 øvrige arrangement ved CUNP i 2019, det same talet som i 2018.

1	21.02.	<i>Political Science in France</i>	Prof. Jacob Aars ADMORG UiB	Seminar 29
2	20.03.	<i>Excursion</i>	Assoc. Prof. Kjerstin Aukrust, UiO	Excursion 20
3	14.-15.03.	<i>Styremøte</i>	CUNP	12

## 6. Anna forskingsrelatert verksemd.

### 6.1. Andre tiltak

- 6.1.1. Oppretthalde kontakten med forskingdekanar, PhD-utvalsleiarar og leiarar av forskarskular.
- 6.1.2. Halde kontakt med relevante franske fagmiljø, og oppretthalde og utvide CUNP sitt faglege nettverk.
- 6.1.3. Informasjon, rådgjeving og rettleiing.

## 7. Organisasjon, personale og infrastruktur.

7.1. Personale: Senterleiar og administrativt ansvarleg

7.2. Infrastruktur: 1 kontor på FMSH. Oppretthalde og drifte 1 husvere til senterleiar.

Vedtatt 15. mars 2019.